

# Styresak

---

Går til: Styremedlemmer  
Føretak: Helse Vest RHF  
Dato: 19.01.2014  
Sakhandsamar: **Ivar Eriksen**  
Saka gjeld: **Orientering om Riksrevisjonen sin kontroll med forvaltninga av statlege selskap for 2012**

**Arkivsak**  
2013/51  
**Styresak 021/14**

**Styremøte 05.02. 2014**

---

## **Forslag til vedtak**

Styret tek saka til orientering.

## Oppsummering

Riksrevisjonen overleverte den 28. november 2013 sin rapport om kontroll med forvaltninga av statlege selskap for 2012. Formålet med kontrollen er å vurdere om forvaltninga av staten sine interesser er i samsvar med Stortinget sine vedtak og føresetnader. Rapporten inneheld mellom anna omtale av ei undersøking av dei regionale helseføretaka sin eigarskapsutøving innanfor aktivitet og økonomi.

## Fakta

Dokument 3:2 (2013-2014) *Riksrevisjonens kontroll med forvaltningen av statlige selskaper for 2012* blei overlevert Stortinget 28. november 2013. Formålet med kontrollen er å vurdere om forvaltninga av staten sine interesser er i samsvar med Stortinget sine vedtak og føresetnader.

Del I inneheld Riksrevisjonen sin omtale av kontrollen med statlege selskap. Riksrevisjonen sin kontroll for 2012 har omfatta 44 heileigde aksjeselskap, 31 deleigde aksjeselskap, åtte allmenaksjeselskap (ASA), fire regionale helseføretak, åtte statsføretak, seks selskap som er organisert ved særskild lov og 24 studentsamskipnadar.

Del II omhandlar kontroll av utøving av regjeringa sin eigarpolitikk, slik denne er formulert i Meld. St. 13 (2010–2011) Aktivt eierskap. I kontrollen for 2012 har Riksrevisjonen undersøkt staten sin eigaroppfølging av likestilling og mangfald i selskap med statleg eigarinteresser. Resultatet av desse kontrollane er lagt fram for dei aktuelle departementa. Nærings- og handelsdepartementet har utarbeidd eit samla svar for departementa.

Vidare omhandlar del II Nærings- og handelsdepartementet sin eigarskapsutøving ovanfor børsnoterte selskap, Samferdselsdepartementet sin eigarskapsutøving og dei regionale helseføretaka sin eigarskapsutøving knytt til aktivitet og økonomi.

Del III presenterer resultatata frå dei utvidda kontrollane, som er basert på risiko- og vesentlegheitsvurderingar. Dei utvida kontrollane omhandlar

- status for gjennomføring av omstillingsoppdraget til Oslo Universitetssjukehus HF,
- styring, måloppnåing og resultatrapportering knytt til førebygging av infeksjonar i spesialisthelsetenesta,
- kapitaloppbygging og forvaltning av omløpsmiddel i selskap forvalta av universitet og høgskuler og NSB si godsverksemd.

Del IV omhandlar saker som har kome fram gjennom Riksrevisjonen sin årlege kontroll av mellom anna statsråden sin omtale for det enkelte selskap, protokollar frå generalforsamlingar eller liknande og årleg rapportering frå selskapa.

Del V omhandlar oppfølging av tidlegere rapporterte saker.

## Kommentarar

Når det gjeld staten sin eigaroppfølging av likestilling og mangfald i selskap med statleg eigarinteresser, peikar Riksrevisjonen på at selskapa i aukande grad har sett i verk tiltak for å fremme likestilling og hindre diskriminering av kvinner og personar med innvandrarbakgrunn. Likevel er det fleire selskap som ikkje kjenner krava og følgjer opp den lovpålagte aktivitets- og rapporteringsplikta på arbeidet med likestilling og mangfald. Ein meir aktiv eigaroppfølging frå eigardepartementa kan etter Riksrevisjonen sin vurdering gi enda betre resultat.

Undersøkinga av dei regionale helseføretaka sin eigarskaputøving innanfor aktivitet og økonomi ovanfor underliggjande helseføretak viser at det har vore ein positiv utvikling med meir langsiktigheit og forutsigbarheit i prosessane med fastsetting av føretaka sine rammer og krav. Riksrevisjonen understrekar samstundes at det er ulikheiter med omsyn til kor ofte RHF-a har formell oppfølgingsdialog med helseføretaka, styret sitt engasjement i oppfølginga og i kva grad oppfølgingsregimet faktisk er tilpassa det enkelte helseføretaket si eigenart og risiko.

Nasjonal strategi for forebygging av infeksjonar i helsetenesta og anitibiotikaresistens har mellom anna hatt til formål å redusere tal infeksjonar erverva i helsetenesta. Riksrevisjonen si undersøking viser at tal sjukehusinfeksjonar ikkje er redusert i strategiperioden 2008 – 2012. Etter Riksrevisjonen sin vurdering er effekten av strategien begrensa, og det er store variasjonar mellom helseføretak i tal sjukehusinfeksjonar. Etter Riksrevisjonen sin vurdering er det eit potensiale for å forbetre arbeidet med smittevern i helseføretaka.

Vedlegg:

Dokument 3:2 (2013-2014) *Riksrevisjonens kontroll med forvaltningen av statlige selskaper for 2012*